



Finansdepartementet

Overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten - fråsegn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møtet 26.2.2015 vedteke følgjande fråsegn:

Sogn regionråd meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve og går mot å overføra skatteoppkrevjinga til Skatteetaten.

Ei overføring vil svekka både skatteinnkrevjinga og tenesta overfor innbyggjarane. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga er god og har høg innbetalingsgrad. På landsbasis blir 98,8% av samla krav for dei viktigaste skatteartane betalt. Det er vanskeleg å sjå at ei overføring av skatteoppkrevjinga til staten vil gje betre resultat. Sogn regionråd meiner den nærleik og lokalkunnskap som finst i dagens organisering bidreg til dei gode resultatata for skatteinnkrevjinga og nedkjemping av svart økonomi. Gevinstar ved ei statleggjering er mangelfullt utgreidd og usikre.

Overføring vil også fjerna ei viktig oppgåve frå kommunesektoren, noko som er i strid med måla i kommunereforma om at større kommunar kan få fleire oppgåver. Forslaga i høyringa inneber ei svært uheldig sentralisering av arbeidsplassar også i vårt område.

Ønske om å forbetre tenesta kan gjerast innanfor ramma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga. Under alle omstende er det feil å gjennomføra endring no og ikkje sjå skatteinnkrevjing i samanheng med den pågåande kommunereforma.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift